

Høgskulen på Vestlandet

KVALITETSSYSTEM FOR UTDANNING

Godkjent av høgskulestyret 29.11.18

Revidert etter handsaming i Utdanningsutvalet ved HVL:

- [Sak 06/19](#) (mindre justeringar og presiseringar knytt til valfridom for emnerapport og/eller dialogmøte, periodiske evalueringar, ekstern representasjon i studieprogramråd, klassetillitsvalde)
- [Sak 30/19](#) (endra krav for lagring av referansegruppereferat)
- [Sak 6/20](#) (endra tekst om periodiske evalueringar av studieprogram)
- [Sak 14/20](#) (endra omtale av studentdemokratiet under sentrale funksjonar og val av studenttillitsvalde under punkt om årlege aktivitetar og prosessar for forbedring og utvikling av studieprogrammet)
- [Sak 19/20 \(endringar i omtale av data og dokumentasjon under kvalitet i studieprogram\)](#)
- [Sak 20/20](#) (endringar i omtale av studentundersøkingar under kvalitet i studieprogram)
- [Sak 23/21](#) (endringar i omtale av 2 Roller og ansvar i tråd med ny UH-lov, ny ph.d. - forskrift for HVL og ny organisering i HVL og Studenttinget.
- [Sak 5/24](#) (oppdatert tekst etter HVL strategi 2023-2030 og endringar knytt til ph.d utdanningar)
- Sak [2/25](#) (revisjon etter ny UH-forskrift 1.1.2025, og UU sak [4/24](#) og [48/24](#))
- [Sak 20/26](#) (oppdatert tekst, omtale av roller med ansvar i kvalitetsarbeidet, figurar som skildrar rapporteringslinjer på fakulteta)

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Formelle krav	4
1.2	Kvalitetsområde	4
1.2.1	Om kvalitet i utdanningane	5
1.3	Oppfølging av kvalitetsområda	5
1.4	Mål for kvalitetsarbeidet.....	5
2	Roller og ansvar	6
2.1	Styre, råd og utval	6
2.2	Roller og ansvarsområde.....	8
2.3	Tilgrensande funksjonar.....	10
2.3.1	Nemnd for studentsaker	10
2.3.2	Skikkavurderingsnemnd.....	10
2.3.3	Studentombod	10
2.4	Rapporteringslinjer	11
3	Kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje	14
3.1	Kvalitet i emne	14
3.2	Kvalitet i studieprogram	14
3.3	Kvalitet i praksis	15
3.4	Internasjonalisering av læringsutbytte	15
3.5	Periodiske evalueringar.....	15
3.6	Utvikling av studieportefølje	16
3.7	Forskingsbasert utdanning.....	16
3.8	Utveksling.....	17
4	Studentdata.....	17
5	Læringsmiljø.....	18
5.1	Inkluderande læringsmiljø	18
5.2	Nye studentar.....	18
5.3	Studierettleiing og tilrettelegging.....	18
6	Medverknad og tilbakemelding	18
6.1	Medverknad for studentar.....	18

6.1.1	Sei – i – frå	19
6.1.2	Studenttillitsvalte	19
6.2	Samarbeid i fagmiljøet.....	19
6.2.1	Dialogmøte emne, studieprogram, institutt og fakultet.....	19
6.3	Medverknad på ph.d.-utdanningar	20
6.4	Tilbakemeldingar om oppfølging og tiltak	20
7	Utvikling og kontroll av fagmiljø.....	20
7.1	Verktøy for oversyn og kontroll fagmiljø	21
7.2	Kompetansepolitikk	21
7.3	Merittering av undervisarar	21
7.4	Pris for utdanningskvalitet og pris for læringsmiljø	21
8	Samfunns- og arbeidsliv	22
8.1	Relevante kandidatar og livslang læring	22
8.2	Kontakt med praksisfeltet.....	22
8.3	Kompetanseforum	22
9	Studieprogram med særskilte krav	23
9.1	Ph.d.-program	23
9.2	Etter- og vidareutdanningar	23
9.3	Bachelor i nautikk.....	23
9.4	Fagskuleutdanning for yrkesdykkarar	23
10	Referansar og relevante nettsider	24

1 Innleiing

Høgskulen på Vestlandet er mellom dei største utdanningsinstitusjonane i landet med 16 500 studentar og om lag 2 000 tilsette fordelt på dei fem studiestadane Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og Stord.

Visjonen vår er Kunnskap som bygger menneske og samfunn. Verdiane våre er det vi står for, og dei kjenneteiknar vår identitet og kultur:

Inkludere - Vi møter alle med respekt og omtanke. Ved å inkludere verdset vi mangfald og fremjar fagleg utvikling, tryggleik og trivsel.

Utfordre - Vi utfordrar etablerte tankesett og arbeidsmåtar. Ved å utfordre fremjar vi danning, kritisk tenking og handlekraft.

Samhandle - Vi utviklar og deler kunnskap og erfaring gjennom samspel internt og med omjevnadene våre. Ved å samhandle fremjar vi kreativitet, læring, nyskaping og fagleg relevans.

1.1 Formelle krav

Lov om universitet og høgskular pålegg institusjonane å ha eit tilfredsstillande internt system for å sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten, der studentevalueringar skal inngå i systemet.

I tillegg blir det gitt ei rekke føringar for det systematiske arbeidet med kvalitet i europeiske, nasjonale og lokale forskrifter og retningslinjer:

- [European Standards and Guidelines](#)
- [Universitets- og høgskoleforskrifta](#)
- [Forskrift om studium og eksamen ved HVL](#)
- [Forskrift om opptak til HVL](#)
- [Forskrift om graden ph.d. ved HVL](#)

Kvalitetssystemet gir ei overordna framstilling av korleis vi som høgskule etterfølgjer desse krava. Kvalitetssystemet omfattar emne og studieprogram ved HVL på alle nivå.

HVL har i tillegg eigne nettsider for utdanningskvalitet med rutineskildringar og årshjul som utdjupar og konkretiserer krava og viser kva funksjon som har ansvar for at prosessar og aktivitetar blir utført. Dokumentasjon frå arbeidet med kvalitet er også tilgjengeleg via nettsidene våre.

1.2 Kvalitetsområde

Det overordna målet for arbeid med kvalitet i utdanningane i HVL bygger på målet i

strategien om at dei profesjons – og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidas kompetansebehov. HVL sine kvalitetsområde tek utgangspunkt i NOKUT sin modell for kvalitetsområde, der kvalitet i studieprogram og studentane sin læringsbane er i fokus.

- Medverknad, læringsmiljø og gjennomstrøyming
- Læringsutbytte
- Kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje
- Fagmiljø
- Samfunns- og arbeidslivsrelevans

1.2.1 Om kvalitet i utdanningane

Kva som utgjer *god utdanningskvalitet* er vanskeleg å definere. Kvalitet oppstår ikkje i eit vakuum, men må skapast i skjeringspunktet mellom studentar, fagmiljø og samfunns- og arbeidsliv. Samstundes endrar føresetnadane for arbeidet med utdanningskvalitet og kva som vert definert som god kvalitet innanfor dei ulike fagområda seg over tid. Med utgangspunkt i dei fem kvalitetsområda kan ein likevel gjere eit forsøk på å skissere kva som byggjer god kvalitet i våre studietilbod.

Eit studietilbod med høg kvalitet:

- er forankra i stabile fagmiljø med høg kompetanse, både vitenskapleg og pedagogisk
- er relevante for samfunnet og støttar opp om behova til framtidas arbeidsliv
- tek vare på det fysiske og psykososiale læringsmiljøet til studentane og er ein god læringsarena
- fungerer som ein heilskap der læringsutbyta i enkeltemna byggjer opp til det totale læringsutbyttet på ein god måte

1.3 Oppfølging av kvalitetsområda

Dei strategiske måla blir kvart år brote ned til konkrete, prioriterte oppdrag til kvar linje ved HVL, som får ansvaret med å ta oppdraga vidare inn i fakultetsplanar og handlingsplanar med ulike tema. Planar for å løyse oppdrag, og dermed for realiseringa av mål, blir følgd opp og evaluert i dialogmøte med rektor, gjennom verksemdsrapportering til styret, i årsrapporten til KD og i etatsstyringa med KD. I tillegg til strategien har høgskulestyret vedteke fem overordna prinsipp for strategisk utvikling av studieporteføljen som skal gjelde i same tidsperiode.³ Meir informasjon om kvalitetsområda og oppfølging av desse ligg på HVL sine nettsider om kvalitetssystemet.

1.4 Mål for kvalitetsarbeidet

Vi skal ha føreseielege rammer for kvalitetsarbeidet, der roller, ansvar og prosessar er tydeleg definert og forankra i alle nivå av organisasjonen. Høgskulen skal legge til rette for utvikling og

forbetring av kvalitet i emne og studieprogram gjennom god organisering og leiing. Vi skal sikre medverknad frå tilsette og studentar gjennom gode arenaer for evaluering, dialog og informasjonsflyt.

HVL innhentar og brukar informasjon i årleg og periodisk vurdering av kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje, samt kvalitet i læringsmiljø og fagmiljø på tvers av studieprogramma. Det kontinuerlege kvalitetsarbeidet skal sikre at sviktande kvalitet blir retta opp, og resultata frå det systematiske arbeidet med kvalitet på emne og studieprogram skal inngå i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering og utvikling av kvaliteten i den samla studieporteføljen.

2 Roller og ansvar

Tydeleg tenesteveg og klare rolleskildringar er avgjerande for at HVL skal lukkast med det systematiske arbeidet med kvalitet. Tabellen under syner kva for rolle og ansvar ulike styre, råd, utval, forum og funksjonar har i arbeidet med utdanningskvalitet.

2.1 Styre, råd og utval

Høgskulestyret	• Har det overordna ansvaret for arbeidet med kvalitet ved HVL og for strategisk utvikling av den totale studieporteføljen på alle nivå. • Har det overordna ansvaret for at læringsmiljøet på institusjonen er fullt forsvarleg ut frå ei samla vurdering av omsynet til studentane sin helse, sikkerheit og velferd. • Vedtar lokale forskrifter, instruksar og mandat for styre, råd, utval og funksjonar med ansvar og oppgåver i systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane • Godkjenner årsrapport for HVL inkludert resultatrapportering på sektormål om utdanning/vurdering av framtidsutsikter.
Læringsmiljøutvalet	• Læringsmiljøutvalet skal bidra til at § 10-1 i UH- lova blir fylgt, og sikre at studentane kan medverke i prosessane som gjeld heile læringsmiljøet, både det fysiske, digitale, organisatoriske, pedagogiske og psykososiale læringsmiljøet.
Utdanningsutvalet	• Utdanningsutvalet skal vere ein arena for erfaringsdeling og bygging av kvalitetskultur på tvers av fakultet og avdelingar i HVL. • Utdanningsutvalet skal drøfte, belyse og gje råd til rektor i strategiske og politiske utdanningssaker, og saker om sikring av kvalitet og relevans i utdanningane. • Utdanningsutvalet fattar vedtak i saker der mynde er delegert frå høgskulestyret eller rektor. • Utdanningsutvalet akkrediterer nye studieprogram og godkjenner vesentlege endringar i eksisterande program.

Sentralt ph.d.-utval	• Utvalet skal utarbeide og forvalte felles retningslinjer og rutinar i samsvar med forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet. • Utvalet skal vere strategisk, samordnande og rådgjevande organ for styret og institusjonen si leiing når det gjeld forskarutdanning. • Utvalet har delegert mynde frå styret i enkeltsaker
Utdanningsutval på fakultet	• Utdanningsutvalet skal vere ein arena for erfaringsdeling og bygging av kvalitetskultur i fakultetet. • Utdanningsutvalet skal gje innspel og råd til dekan i strategiske og politiske utdanningssaker. • Utdanningsutvalet kan få delegert mynde frå dekan til å fatte vedtak i utdanningssaker. • Utdanningsutvalet gjev råd om tiltak for godt læringsmiljø og følge opp relevante saker frå HVL sitt Læringsmiljøutval
Studieprogramråd	• Alle studieprogram i HVL skal vere tilknytt eit studieprogramråd. • Studieprogramrådet skal gje dekan, institutt- og studieprogramleiing råd om kvalitetsutvikling av studieprogramma. • I løpet av året skal rådet gå gjennom relevante evalueringar og studentdata, drøfte og gi råd om tiltak for å betre gjennomstrøyming og læringsmiljø på studieprogramma. • Gjennom eksterne medlemmer skal rådet også få innspel og diskutere arbeidslivsrelevansen i utdanninga. • Dekan kan legge inn tilleggspunkt i mandatet for kvart enkelt studieprogramråd. • Det skal vera studieadministrativ støtte knytt til alle studieprogramråd
Ph.d.-programutval	• Er rådgjevande for dekan i saker knytt til den aktuelle ph.d.-utdanninga • Initierer tiltak for å kvalitetssikre og -utvikle ph.d.-utdanninga på emne- og studieprogramnivå • Godkjenner endring i studieplan innanfor ramma av akkreditering

2.2 Roller og ansvarsområde

Rektor	• Har eit overordna ansvar for arbeidet med kvalitet i utdanningane og studentane sitt læringsmiljø. • Rapporterer til styret om det systematiske arbeidet med kvalitet.
Prorektor for utdanning	• Har eit strategisk ansvar for utviklinga av høgskulen sine utdanningar • Skal ivareta og vidareutvikle system og rammer for utdanningskvalitet som støtter opp under fakulteta sitt arbeid med kvalitetsutvikling av utdanningane • Har ansvar for strategisk utvikling i HVL av utdanningstilbod i eit livslangt læringsperspektiv • Skal vere ein pådrivar for utvikling og fornying av studietilbod, utdanningskvalitet og læringsmiljø i samarbeid med fakulteta og i samsvar med institusjonen sine strategiar og vedtak • Skal koordinere verksemda innanfor utdanningsområdet og sørge for effektiv administrasjon og drift av høgskulen sitt samla studietilbod. • Leiar utdanningsutvalet ved HVL og er medlem av eller leiar av læringsmiljøutvalet³
Prorektor for forskning	• Har ansvar for strategisk utvikling av FoU- verksemda i HVL • Har ansvar for å styrke samanhengane mellom forskning og utdanning • Skal vere pådrivar for internasjonalisering i utdanning og forskning • Leiar det sentrale ph.d.-utvalet og forskings- og innovasjonsutvalet. • Har ansvar for arbeidet med kvalitet i studieprogram på ph.d.-nivå
Prorektor for nyskaping og regional utvikling	• Har ansvar for å vidareutvikla eksternt samarbeid, styrke høgskulen sin posisjon i regionen, synleggjere HVL som en vesentleg kunnskaps- og kompetanseaktør og bidra til at høgskulen er ein attraktiv samarbeidspartnar for privat næringsliv og offentlege verksemder. • Har ansvar for HVL sitt samla arbeid med vidareutvikling av fem berekraftige campus.
Dekanat	• Leiar arbeidet med å utvikle fakultetet sine utdanningstilbod på alle nivå • Har ansvar for at utdanningsprogram held høg kvalitet og at studentane sitt læringsmiljø er fullt ut tilfredsstillande. • Skal sikre at fakultetet sine utdanningar er tilpassa samfunnet og den einskilde sitt behov for livslang læring. • Har det overordna ansvaret for arbeidet med kvalitet i fakulteta og for strategisk utvikling av studieporteføljen ved

	fakultetet • Har det overordna ansvaret knytt til gjennomføring av ph.d.-utdanning i fakultetet. • Rapporterer til rektor om det systematiske arbeidet med kvalitet i fakultetet
Instituttleiing	• Har ansvar for arbeidet med kvalitet i instituttet og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL • Har ansvar for fagleg kvalitet i utdanning, praksis og forskning innanfor instituttet sine fagområde • Leiar arbeidet med å tilpasse instituttet sine fagområde til samfunnets behov og utvikle utdanningstilbod på bachelor- og masternivå, og bidra i arbeidet med utdanningstilbod på ph.d.-nivå • Arbeider for godt arbeids- og læringsmiljø på instituttet
Fagleg leiar for ph.d.-program	• Er administrativ og fagleg leiar for ph.d.-program og rapporterer til dekanatet • Leiar arbeidet med kvalitet på ph.d. programmet i samarbeid med programutvalet, og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL, inkludert særskilte krav til ph.d.-program
Studieprogramansvarleg for utdanningar på bachelor- og masternivå	• Har overordna ansvar for vidareutvikling av utdanningsprogrammet, sikring av høg fagleg kvalitet og god gjennomstrøyming • Har ansvar for at utdanningsprogramma tilfredsstiller forskrifter og rammeplanar, og oppfølging av krava i HVL sitt system for arbeid med kvalitet i utdanningane • Har overordna ansvar for mottak av nye studentar på studieprogrammet • Har overordna ansvar for praksisopplæringa i studia • Har overordna ansvar for at studentane sitt læringsmiljø er fullt ut tilfredsstillande • Skal legge til rette for internasjonalisering, digitalisering og nyskaping i utdanningane • Har eit koordineringsansvar for studieprogram med fleire campus og samarbeid på tvers av campus • Rapporterer i samsvar med fakultetet si organisering og delegasjonsmynde
Emneansvarleg	• Leiar arbeidet med kvalitet på emnet og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL • Har eit koordineringsansvar for emne med fleire faglærarar og samarbeid på tvers av campus • Rapporterer i samsvar med fakultetet sin organisering
Studentar og ph.d.-kandidatar	• Studentar og ph.d.-kandidatar medverkar i kvalitetsutviklinga i studie- og læringsmiljøet, både som enkeltpersonar, som tillitsvalde, eller som medlem i råd, utval eller linjeforeiningar

Studentdemokratiet (gjeld ikkje for ph.d.-kandidatar)	• Studenttinget på Vestlandet er det øvste studentpolitiske organet ved HVL, og vedtek overordna politikk på vegne av alle studentane ved HVL. Studentdemokratiet er organisert med tillitsvalte på klasse, institutt, fakultets og campusnivå • Studentane er representerte i alle råd og utval som arbeider med læringsmiljø og kvalitet i utdanningane, i tråd med UH-lova • Studenttinget og studentråda har ansvar for at det blir gjennomført opplæring av alle studenttillitsvalde.
Tilsette	• Tilsette både i heiltids- og deltidsstillinga medverkar i kvalitetsarbeidet ved høgskulen i kraft av sin funksjon, som undervisar på emne eller administrativ støtte, og bidreg i diskusjonar når det gjeld kvalitetsarbeid- og utvikling. • Tilsette kan også medverke som eller som medlem i råd, utval eller fagorganisasjon, og som representant i ulike arbeidsgrupper
Administrative tenester	• Administrative leiarar for einingar i fellesadministrasjonen har ansvar for utvikling og kvalitetssikring av tenester i sine einingar • Administrative leiarar i fakulteta har ansvar for utvikling og kvalitetssikring av tenester i sine einingar.
Samfunn- og arbeidsliv	• Samfunn- og arbeidsliv medverkar til utviklinga av kvalitet i utdanningane ved å delta i høgskulestyret og råd og forum på fakultets og studieprogramnivå som studieplankomitear, studieprogramråd, periodiske evalueringar med meir.
Skuleleiar (praksis)	• Ha overordna ansvar for gjennomføring av og kvalitet i praksisopplæringa på skulen.
Praksislærar	• Organisere og gjennomføre rettleia og vurdert praksis i samsvar med informasjon og arbeidsoppgåver omtala på nettsidene for praksisopplæring knytt til den enkelte utdanninga.

2.3 Tilgrensande funksjonar

2.3.1 Nemnd for studentsaker

HVL har nemnd for studentsaker som handsamar klager om enkeltvedtak og, etter vedtak i styret, andre klagesaker for kandidatane, jf. UH-lova, § 5-1 (1).

2.3.2 Skikkavurderingsnemnd

Skikkavurderingsnemnda er eit lovpålagt organ, jf. UH-lova, § 4-10. Nemnda sitt arbeid er regulert av «Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning»

2.3.3 Studentombod

Studentombodet ved HVL er ein uavhengig bistandsperson som har som oppgåve å gje studentane råd og hjelp der studentane har tatt opp eller vurderer å ta opp tilhøve knytt til sin studiesituasjon. Studentombodet skal sjå til at sakene får ein forsvarleg og korrekt

handsaming, og at studentane sine rettar vert ivaretekne.

2.4 Rapporteringslinjer

Rollene som er skildra i 2.2. er gjeldande for heile HVL, men på grunn av ulik intern organisering og delegasjon av ansvar i dei tre fakulteta er rapporteringslinjene ulike i nokre tilfelle. Under er difor ei oppsummering av korleis arbeidet med utdanningskvalitet vert organisert på fakulteta. Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS), Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) og Fakultet for helse-sosialvitskap (FHS). Dei fleste rollene er likt organisert på alle fakultet. Der det er skilnadar mellom fakulteta er dette markert i lista.

Kvalitetssikringssystemet for ph.d. skildrar dei ansvarlege rollene og rapporteringslinjer i ph.d. - programma.

Studentar:

- Klassetillitsvalde/referansegruppemedlemmer deltek i dialogmøte med emneansvarleg
- Svarar på anonyme emneevalueringar og praksisevalueringar
- Studiebarometeret
- Studenttillitsvalde deltek på møte med program-, institutt- og fakultetsleiing og møte på institutt

Emneansvarleg (EA):

- Legg til rette for innspel frå studentar gjennom referansegruppemøte og anonyme emneevalueringar. EA har tilgang til data knytt til emne dei er ansvarleg for.
- Koordineringsansvar for emne med fleire faglærarar
- Gir tilbakemelding til studentane om oppfølging av innspel
- Gir innspel til studieprogramansvarleg om utvikling av emnet i dialogmøte (for fellesemne skriv ein emnerapport)
- Får innspel frå studieprogramansvarleg
- Skriv emnerapport eller deltar på dialogmøte med studieprogramansvarleg.

Assisterande instituttleiar:

FLKI:

- Assisterande instituttleiar i dei enkelte programma er "eigar" av emna på vegne av instituttet, næraste leiar for dei emneansvarlege gjennom funksjonsansvaret og del av leiargruppa for det aktuelle programmet.
- Assisterande instituttleiar får emnerapport frå emneansvarlege eller gjennomfører dialogmøte i studieprogram som går på fleire campusar, og tar med seg tilbakemeldingane inn i leiargruppa for det aktuelle programmet for vidare handsaming og eventuelle avgjerder om endring.
- Melder tilbake til dei emneansvarlege og studentane.
- Assisterande instituttleiarar følgjer linja til institutta/fagmiljø og instituttleiing.

FHS (Studieprogramansvarleg/assisterande instituttleder)

- Får emnerapport frå emneansvarlege eller gjennomfører dialogmøte. Har tilgang til dokumentasjon frå evalueringar og data knytt til studieprogram.
- Drøftar og får innspel i studieprogramråd.
- Melder vidare tiltak og oppfølging av kvalitetsarbeidet til institutt- /fakultetsleiing i oppsummeringa av gjennomførte møter i studieprogramrådet for inneverande studieår, samt ei kort skildring av tiltak studieprogramråda meiner bør følgjast opp.
- Leiar av Programutvalet for ph.d. utarbeidar ein tilsvarande oppsummering for arbeidet i programutvalet.

Studieprogramansvarleg (SPA):

Alle fakultet:

- Får innspel frå og gir innspel til studieprogramråd
- Har dialog med instituttleiing om vidare utvikling av studieprogrammet
- Får emnerapport frå emneansvarlege eller gjennomfører dialogmøte
- Har det overordna ansvaret for utdanningskvaliteten i studieprogrammet.
- Held oversikt over resultat og utvikling i studieprogrammet (gjennom dialogmøte eller emnerapporter)
- Har dialog med tillitsvalde studentar

FLKI:

- Er leiar av studieprogramleiargruppa saman med assisterande instituttleder(ar).
- Hentar inn evalueringar frå praksis og gjennomfører emneevaluering saman med assisterande instituttledarar i GLU-leiargruppa

På FHS er assisterande instituttleder studieprogramansvarleg

Instituttleder:*

Alle fakultet:

- Ansvar for oppfølging av resultat og utvikling i emne på studieprogram knytt til instituttet
- Har overordna ansvar for kvalitetsarbeidet på instituttet
- Har ansvar for å sikre og utvikle fagmiljøet som støttar opp om dei ulike studietilboda
- Har ansvar for strategisk utvikling av porteføljen til instituttet
- Løftar saker til fakultetsleiinga
- Har overordna ansvar for læringsmiljøet i instituttet

FHS:

- Utarbeider ei årleg oppsummering av kvalitetsarbeidet på instituttet på bakgrunn av referat frå studieprogramråda. Oppsummeringa skal handsamast i leiarmøte og/eller utdanningsutval på fakultetet og inngå i fakultetet si årsmelding.

Dekan:*

- Har ansvar for å følgje opp rektor sitt oppdragsbrev
- Følgjer opp utvikling av studieporteføljen i dialog med institutta
- Leiargruppa har ansvar for strategisk utvikling av porteføljen til fakultetet og for løypemeldingar om arbeidet til styret
- Har dialog med fakultetstillitsvalde studentar


Rektor: *

- Gjennomfører dialogmøte med fakulteta
- Følgjer opp utvikling av studieporteføljen i dialog med fakulteta
- Utfordringar i studieporteføljen
- Rektor sitt oppdragsbrev


Styret:

- Løypemelding studieportefølje om våren
- Studietilbodssak november
- Rapport om opptak og rekruttering og resultat Studiebarometeret

* Kan delegere mynde



Figur 1 Rapporteringslinjer FHS og FTMS



Figur 2 Rapporteringslinjer FLKI. Lilla piler markerer rapportering for instituttvise studieprogram

3 Kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje

Høgskulen skal legge til rette for utvikling og forbedring av kvalitet i emne og studieprogram gjennom god organisering og leing. HVL innhentar og brukar resultat frå kvalitetsarbeidet og kunnskapsgrunnlag frå ulike kjelder i årleg og periodisk vurdering av kvalitet i emne, studieprogram og studieportefølje. Dette skal sørge for at HVL tek i vare samfunnsoppdraget ved å tilby relevante utdanningar av høg internasjonal kvalitet i tråd med HVL sin strategi og eigenart.

3.1 Kvalitet i emne

Målet med kvalitetssystemet er å jamleg vurdere og utvikle kvaliteten i emna på alle nivå. Det inkluderer krav om gjennomføring av undervisning og vurdering i tråd med emneplanane. Det skal gjennomførast dialog og evaluering med studentar og ph.d. kandidatar. Avsluttande evaluering skjer gjennom dialogmøte mellom emneansvarleg og studieprogramansvarleg/ fagleg leiar for ph.d. -program. Resultata blir brukt til forbedring og justering av emneplanar.

3.2 Kvalitet i studieprogram

Systemet for arbeidet med kvalitet skal stimulere til og sikre jamleg vurdering og utvikling av kvalitet i studieprogramma. Fakulteta arbeider med årleg revisjon av studie- og emneplanar ut frå fastsette fristar og oversyn over kven som vedtar ulike type endringar. Alle emne- og studieplanar skal vere i tråd med vedtekne malar og tilhøyrande rettleiarar.

I samband med utgreiing og akkreditering av studieprogram på bachelor og masternivå skal dekan sikre medverknad frå studentar og eksterne. Dersom fakultetet vurderer å leggje ned eit studieprogram eller avvike studieprogrammet på ein av studiestadane, skal dekan

sikre medverknad både frå fagmiljø og samfunns- og arbeidsliv.

Høgskulestyret vedtek både etablering og nedlegging av studieprogram i tråd med Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet.

Læringsutbytte

Alle studie- og emneplanar ved HVL skal utarbeidast i tråd med Nasjonalt Kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Det skal vere ein tydeleg fagleg samanheng mellom dei overordna læringsutbytta og læringsutbytta i kvart emne, og ein tydeleg samanheng mellom undervising og vurdering, som syner korleis studentane oppnår læringsutbytte. Alle læringsutbyttebeskrivingar skal vere i tråd med vedtekne malar og tilhøyrande rettleiarar.

3.3 Kvalitet i praksis

Omgrepet praksis i kvalitetssystemet omfattar både rammeplanstyrt og ikkje-rammeplanstyrt praksis (arbeidspraksis) ved HVL. **Praksis kan vere organisert som eigne emne eller inngå som del av emne.**

Arbeidet med kvalitetsutvikling i praksis omfattar arbeid med emneplanar, evalueringar som inneheld tilbakemeldingar frå studentar og praksisfeltet og møtearenaer på ulike nivå mellom representantar frå praksisfeltet og HVL. I tillegg skal avtalar om praksisgjennomføring mellom HVL og praksisfelt, både på eigarnivå og med den enkelte praksisstad, vere med på å danne grunnlag for samarbeid om gjennomføring og utvikling av innhaldet i praksis

3.4 Internasjonalisering av læringsutbytte

Internasjonalisering inneber å integrere ein internasjonal, interkulturell eller global dimensjon i studiane med mål om globalt engasjerte studentar. Ordningar for internasjonalisering inneber at alle studieprogram skal plasserast i ein internasjonal samanheng, og at studentane skal bli kjende med eit mangfald av perspektiv i løpet av utdanninga. Den kompetansen studentane opparbeider seg, anten gjennom internasjonalisering heime eller mobilitet, vert gjerne kalla 21st Century skills eller soft skills. Dette er allmenne ferdigheiter (som empati, kritisk tenking, samarbeid og kreativitet), og er viktige ferdigheiter i eit multikulturelt og inkluderande samfunn og arbeidsliv.

3.5 Periodiske evalueringar

Det vert gjennomført periodiske evalueringar av alle studietilbod, der relevante representantar frå arbeids- eller samfunnsliv, studentar og eksterne fagfellar skal bidra. Evalueringa skjer som hovudregel kvart femte år, ut frå vedtatt rulleringsplan.

Evalueringa skal bli gjennomført i tråd med gjeldande prosess-skildring og malar som vert fastsett av Utdanningsutvalet ved HVL. Utdanningsutvalet på institusjonsnivå får ei årleg sak med oppsummering av funn og erfaringar frå dei periodiske evalueringane.

Sentralt ph.d.-utval skal få tilsvarande sak for ph.d.-utdanningar som har hatt evaluering.

For studietilbod under 60 studiepoeng er det utvikla ein eigen forenkla prosess. Desse tilboda skal gjennom periodisk evaluering kvar fjerde gong dei har blitt gjennomført. Fakulteta eig prosessen med gjennomføring og oppfølging av periodisk evaluering av studietilbod under 60 studiepoeng.

3.6 Utvikling av studieportefølje

Det overordna målet med arbeid med kvalitet i studieporteføljen er å sikre at høgskulen tar i vare samfunnsmandatet ved å tilby ein heilskapleg portefølje med relevante utdanningar av høg kvalitet i tråd med HVL sine strategiske målsettingar.

Resultat frå det systematiske arbeidet med kvalitet i institusjonen er ein del av kunnskapsgrunnlaget ved årleg vurdering og strategisk utvikling av den samla studieporteføljen. Fakultetsleiinga drøftar behov for tiltak på enkeltvise studieprogram, på institutt- eller fakultetsnivå og forslag til endringar i studieporteføljen for neste år med prorektor for utdanning før handsaming i styret.

Det blir gjennomført periodisk evaluering av studieporteføljen ein gong kvar styreperiode. Evalueringa skal gje ei overordna vurdering av i kva grad studieprogramma ved HVL bidrar til å løyse samfunnet sine utfordringar og oppfylle høgskulen sine strategiske målsettingar. Dei periodiske evalueringane kan ha ulike fokus.

I sak 24/23¹ vedtok høgskulestyret fem overordna prinsipp for strategisk utvikling av studieporteføljen i perioden 2023-2030. I etterkant av dette reviderte rektor modell for styring av studieporteføljen (SEFØ-modellen). Dette dannar grunnlaget for både fakulteta og styret sine evalueringar og vidareutvikling av den samla studieporteføljen.

Prinsipp for utvikling av studieporteføljen ved HVL:

- A. Framskrivingar om kompetansebehov i nasjonalt og regionalt arbeidsliv skal ligge til grunn for utvikling av studieporteføljen
- B. Utviklinga av studieporteføljen er avgjerande for at alle campusane skal styrkje seg som attraktive studiestader. Fakulteta skal, i samarbeid på campus, men
- C. også på tvers av campus, utvikle studietilbod som er etterspurt av studentar og arbeidsliv
- D. Studieporteføljen skal vere økonomisk berekraftig
- E. Studieporteføljen skal vere kjenneteikna av studieprogram med tett kopling til aktive forskingsgrupper
- F. Studieporteføljen skal auke tal studieprogram og emne som kan bli tilbydd til fleire enn heiltidsstudenten

3.7 Forskingsbasert utdanning

Med forskingsbasert utdanning meiner vi at utdanninga skal bidra til at studentane får innsikt i utvikling, metodar og forskningstradisjonar i fag- og utdanningsområda, at studentane får hjelp til å orientere seg i nyare forskning på dei aktuelle felta og at studentane blir involverte i FoU/KU-arbeid på ulik måte og nivå. Studentane skal øve seg på å hente og tolke informasjon og gjere etiske og kritiske vurderingar og ta omsyn til

¹ <https://opengov.360online.com/Meetings/hvl-uninett/File/Details/984862.PDF?fileName=Overordna%20prinsipp%20for%20strategisk%20utvikling%20av%20studieportef%C3%B8lj%C3%A9n&fileSize=195312>

miljømessige konsekvensar. Undervisninga skal også byggje på perspektiv og faglege aspekt basert på det fremste i forskings- og utviklingsverksemda (FoU/KU) innan fag- og utdanningsområda våre, og studentane våre skal engasjerast i dei vitskaplege tilsette si forskingsverksemd på ulike nivå.

Arbeidet med StudentFORSK skal støtta opp om involvering av studentar i forskning. Målet med arbeidet er at fleire studentar skal få praktisk erfaring med ulike sider i eit forskingsprosjekt. Det er mogleg å søkje såkornmidlar for å kunne involvere studentane prosjekt på ulike nivå.

3.8 Utveksling

Alle gradsgivande studieprogram skal ha ordningar for at studentane skal kunne reise på utveksling. For utreisande studentutveksling er det viktig med kvalitetssikring av utvekslingstilbod og fagleg førehandsgodkjenning av emne eller praksis studentane skal ta på utveksling. Studieprogramma må ha periodisk gjennomgang av utvekslingstilbodet for å sikre at tilbodet er reelt og at institusjonane kan tilby studentane relevante emne / praksis.

4 Studentdata

Kvantitative studentdata skal vere ein del av arbeidet med kvalitet i utdanningane. Desse skal brukast saman med kvalitative data (t.d. emnerapportar, referat frå referansegruppemøte, midtvegsevalueringar og liknande) for å vidareutvikle studietilbod på både emne- og studieprogramnivå. Ein har tilgang på både undersøkingsdata og registerdata. Felles Studentsystem (FS) inneheld informasjon om alle studentar og studieelement. Desse kan nyttast kvar for seg eller saman.

Studieprogram- og fakultetsleiinga har tilgang på rapportar som gjev informasjon om stoda på studieprogrammet.

I Tableau kan ein finne rapportar basert på studentdata i FS. Desse rapportane dekkar alle deler av studieløpet til studentane, frå opptak til ferdig kvalifikasjon, og kan hentast ut på ulike nivå (kull, studieprogram, institutt osv). Dei ferdige rapportane er tilgjengelege for alle brukarar med HVL-innlogging.

Studentane ved HVL svarar på fleire større og mindre undersøkingar gjennom studieløpet. Data frå desse undersøkingane er viktige i det overordna kvalitetsarbeidet ved høgskulen og i arbeidet på fakulteta og dei einskilte studieprogramma. Nokre av undersøkingane er nasjonale, medan andre er utvikla og sendt ut lokalt på HVL.

Undersøkingane er både på emne – og studieprogramnivå, og inkluderer mellom anna:

- Rekrutteringsundersøkinga (HVL) – kvart år
- Studiestartundersøkinga (HVL) – kvart år
- Anonyme emneevalueringar (HVL) – etter kvar tredje gjennomføring av emnet
- Studiebarometeret (HK-dir) – annakvart år
- Studentenes helse og trivselsundersøkelse (SHoT) (Studentsamskipnadar) – kvart fjerde år
- Kandidatundersøkinga (HVL i samarbeid med Saman, UiB og NHH) – annakvart år

5 Læringsmiljø

I læringsmiljøet ved HVL inngår alle faktorar som har påverknad på studentane sin moglegheit til å tileigne seg ny kunnskap. I tillegg til å sørge for god studentvelferd, skal eit godt læringsmiljø også sørge for at studentane får god læring, rettleiing, involvering og eigarskap til eiga læring, og kontinuerleg forbetring av fysiske, psykososiale, pedagogiske, digitale og organisatoriske tilhøve.

5.1 Inkluderande læringsmiljø

HVL jobbar systematisk med inkluderande læringsmiljø, med ein eigen handlingsplan som styringsverktøy². Planen skal ivareta mangfaldet i læringsmiljøet og bidra til å fremme eit godt læringsmiljø for studentar på ulike område ved HVL. Læringsmiljø viser til alle faktorar som kan påverka studentane sin læring. Handlingsplanen har valt å operasjonalisera omgrepet læringsmiljø i fem hovudkategoriar i tråd med UH-lova §10-1-21 sin forståing og definisjon av omgrepet: Fysisk læringsmiljø, Psykososialt læringsmiljø, Organisatorisk læringsmiljø, Pedagogisk læringsmiljø, Digitalt læringsmiljø.

5.2 Nye studentar

Alle nye studentar ved HVL får tilbod om å vere med på fadderarrangement og arrangement i regi av HVL i velkomstveka.

Studieprogramansvarleg legg til rette for ein god oppstart på studieprogrammet. HVL skal også sikre at internasjonale studentar blir involvert i fadderarrangementa og/eller buddyprogrammet og at informasjon blir gitt på engelsk.

5.3 Studierettleiing og tilrettelegging

HVL er opptatt av å fremja helse, trivsel og fagleg utvikling blant studentane, og nokre gonger kan det vere godt å få hjelp til å navigere i studie- og studentkvardagen.

Høgskulen har ulike rettleiingstenester som alle studentar kan nytte seg av gratis. Dersom ein student har behov for individuell tilrettelegging av studiesituasjonen på grunn av funksjonsnedsetting, verv eller særskilde behov får dei rettleiing for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmoglegheiter for alle. Tilrettelegginga kan ikkje føre til at dei faglege krava til utdanninga blir redusert.

6 Medverknad og tilbakemelding

Vi skal sikre medverknad i utviklinga av utdanningane våre med utgangspunkt i erfaringar frå undervising og vurdering, dialog med studentar og tilsette.

Utviklingsarbeidet skal dokumenterast, og vi skal formidle korleis tilbakemeldingane blir følgt opp.

6.1 Medverknad for studentar

Studentane ved HVL skal ha høve til medverknad i studentkvardagen. HVL har ansvar for å leggje til rette for at studentane er representert i styre, råd og utval. I alle kollegiale organ med avgjerdsmynde er studentane representerte med 20 prosent.

² Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø og universell utforming ved HVL 2024-2028

Studentane skal også vere representerte i studieprogramråd.

Emneansvarleg gjennomfører referansegruppemøte med kassetillitsvalde (eventuelt møte med heile klassen/kullet) seinast midtvegs i emnet. Det skal førast referat frå møta. Elles kan studentane medverke ved å:

- delta i klassens time og andre møteforum der heile klassa møter t.d. faglærarar, emneansvarleg eller koordinatorar
- melde seg som referansegruppemedlem og gi tilbakemeldingar til faglærar/emneansvarleg
- svare på emneundersøkingar, det nasjonale Studiebarometeret og andre studentundersøkingar

6.1.1 Sei – i – frå

HVL har system der studentar kan sei ifrå om forhold som påverkar læringsmiljø, undervisning og utdanningskvalitet, anten namngitt eller anonymt. Meldingane blir sende til relevant leiar, og alle som gir opp namn, får tilbakemelding. Sei-i-frå-systemet er eit supplement til andre etablerte kanalar i kvalitetsarbeidet på kvalitet i emne og studieprogram.

6.1.2 Studenttillitsvalte

Eit fungerande studentdemokrati er viktig for kvalitetsarbeidet og arbeidet med studentane sitt læringsmiljø ved HVL. Oppgåva til studentdemokratiet er å representere studentane i møte, råd og utval der det skjer ting som påverkar studiekvardagen.

Studentdemokratiet følgjer linjeorganiseringa til HVL, og er delt inn i desse rollene:

- Kassetillitsvalde (Kull)
- Institutt- tillitsvalde (Studieprogram og institutt)
- Fakultetstillitsvalt
- Campustillitsvalt
- Studenttingsrepresentant

Studieprogramansvarleg har ansvar for at studentane vel kassetillitsvalde og vararepresentantar for desse på alle kull. Har eit studieprogram fleire studiestader, skal det veljast éin studenttillitsvald per kull på alle studiestaden. Andre verv blir valt mellom dei kassetillitsvalde.

6.2 Samarbeid i fagmiljøet

6.2.1 Dialogmøte emne, studieprogram, institutt og fakultet

Emneansvarleg oppsummerer resultat frå studentevalueringar, innspel og erfaringar frå andre lærarar/undervisarar som har deltatt i emnet og sine egne vurderingar.

Studieprogramansvarleg kallar inn til dialogmøte per studieprogram med gjennomgang av resultat, drøfting av tiltak og eventuelle behov for endringar i emneplan.

Instituttleiar kallar studieprogramansvarlege og institutt-tillitsvalde studentar (ITV) inn til dialogmøte for å drøfte resultat i arbeidet med kvalitetsutvikling på institutta sine studieprogram. Studieprogramansvarlege er ansvarleg for å innhente relevant informasjon frå sine studieprogram, ITV frå kassetillitsvalgte/studentgruppa.

Dekan skal i dialog med instituttleiarar gå gjennom resultata frå kvalitetsarbeidet og vurdere studieporteføljen på fakultetet sett i lys av desse resultata. Dekan gjennomfører årlege dialogmøte med prorektor for utdanning med tema studieportefølje, samt eigne dialogmøte med rektor der rektor sine oppdragbrev er i fokus. Desse møta kan ofte ha overlappende tematikkar knytt til utdanningskvalitet og dei ulike kvalitetsområda.

6.3 Medverknad på ph.d.-utdanningar

Kvar ph.d. utdanning skal ha eit programutval, som drøfter og gir dekan anbefalingar der dekan søker råd frå utvalet. Programutvalet initierer tiltak for å kvalitetssikre- og utvikle ph.d.-utdanninga på emne- og studieprogramnivå, og godkjenner endringar i studieplan innanfor ramma av akkreditering. Ph.d.- kandidatar skal vere representert i programutvalet.

Fagleg leiar og programutvalet skal sørge for utvikling og revisjon av emne på ph.d.-nivå, og sørge for involvering med tilbakemeldingar og forslag til forbetringar frå både ph.d.-kandidatane og dei emneansvarlege. Fagleg leiar har ansvar for å sikre at dette vert gjennomført anten dialogbasert eller med anonyme emneevalueringar ut i frå programmet si organisering og kor ofte emna vert tilbydt.

I tillegg til evalueringar av enkeltemne, er systematisk oppfølging av kvar individuelle ph.d. -kandidat sentrale element i kvalitetsarbeidet. Dette vert følgt opp gjennom framdriftsrapportering og midtvegsevaluering. Det vert utarbeida saker til programutval og sentralt ph.d. utval som viser status og løfter opp utfordringar på overordna nivå.

Detaljar rundt dette er omtalt i HVL sitt system for kvalitetsarbeid i ph.d.-utdanningane.

6.4 Tilbakemeldingar om oppfølging og tiltak

Emneansvarleg har ansvar for at all dokumentasjon, rapportar og referat knytt til emnet inneverande studieår skal arkiverast og gjerast tilgjengeleg for studentane, ph.d. - kandidatar og andre tilsette på læringsplattforma eller andre formidlingskanalar.

Studieprogramansvarleg og fagleg leiar for ph.d.-program har ansvar for at relevant dokumentasjon frå kvalitetsarbeidet blir lagra og formidla på ein hensiktsmessig måte. I tillegg kan ein velje å gjennomføre møte/samlingar for å formidle og diskutere tilbakemeldingar, tiltak og resultat med studentane eller ph.d.-kandidatane.

7 Utvikling og kontroll av fagmiljø

Den faglege verksemda ved fakulteta er organisert i to nivå, fakultet og institutt. Dekanane er tilsett som faglege og administrative leiarar. Det overordna ansvaret for leiing av verksemda ved fakulteta ligg i linja, hos dekanane og instituttleiinga, medan prodekanane skal støtte opp og gi råd. Instituttleiarane har det overordna ansvaret for

arbeidet med utdanning, forskning, formidling og innovasjon på instituttet.

Instituttleiinga skal sikre tilstrekkeleg kompetanse blant dei vitenskapleg tilsette og følge opp utdanningsaktivitetar via medarbeidersamtalar og arbeidsplanar.

I samband med akkreditering av studieprogram, årleg arbeidsplanlegging og periodiske evalueringar av studieprogram, har instituttleiinga ansvar for å sikre at fagmiljøet på det enkelte studieprogram er samansett i tråd med krava til akkreditering.

7.1 Verktøy for oversyn og kontroll fagmiljø

I HVL sitt system «Kompis» ligg oversikt over kompetansen til fagtilsette. Dette inneber ei samanstilling av informasjon frå ulike kjelder, både formell kompetanse, forskning og CV. Det gir ein oversikt over kva kompetanse som er knytt til dei ulike utdanningane, og gjer det lettare å finne rett person til rett jobb på tvers av institutt og fakultet. Denne oversikta er tilgjengeleg for leiarar og administrative funksjonar med behov for oversikt over dei tilsette sin kompetanse.

7.2 Kompetansepolitikk

Leiinga har eit overordna ansvar for systematisk kompetanseutvikling i verksemda. Det er viktig at mål og midlar for personalutvikling blir inkludert i planar og budsjettet.

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det spesifikke kriterium for utdanningsfagleg kompetanse. Dette gjeld særleg ved tilsetjing og opprykk til stillingane som førsteamanuensis og professor. Kompetansen skal dokumenterast gjennom to komponentar: pedagogisk mappe og pedagogisk CV.

HVL tilbyr emne i universitets- og høgskulepedagogikk for sine tilsette. Næraste leiar med personalansvar har ansvar for å kontrollere og leggje til rette for at tilsette som ikkje har denne kompetansen ved tilsetjing tileignar seg denne slik regelverket krev.

7.3 Merittering av undervisarar

Merittering av undervisarar er ei ordning for å løfte fram gode undervisarar som har ei godt grunngeven pedagogisk filosofi og jobbar systematisk, vitenskapleg og i samarbeid med kollegaer for å utvikle kvalitet i utdanningane. Status som merittert undervisar kan bli tildelt fast tilsette i vitenskaplege stillingar ved HVL etter søknad. Søknadene blir vurdert av ein einstemmig bedømmingskomité etter fastsette kriteria. Komiteen sin innstilling må godkjennast av rektor ved HVL.

7.4 Pris for utdanningskvalitet og pris for læringsmiljø

HVL sin pris for utdanningskvalitet er ein pris som er oppretta for å gi anerkjenning til fagmiljø eller enkeltpersonar som har gjort ein markert innsats i arbeidet for å utvikle den samla utdanningskvaliteten innan eit fagområde eller eit studium ved Høgskulen på Vestlandet. Ved tildeling av prisen skal det leggjast vekt på systematisk innsats for å utvikle kvalitet i utdanninga og god tilrettelegging for studentane sitt læringsarbeid.

Prisen skal delast ut annakvart år.

HVL sin pris for læringsmiljø er ein pris som er oppretta for å gi anerkjenning til fagmiljø eller enkeltpersonar som har gjort ein markert innsats i arbeidet for å utvikle læringsmiljøet innan eit fagområde eller eit studium ved Høgskulen på Vestlandet. Ved tildeling av prisen skal det leggjast vekt på systematisk innsats for å legge til rette for eit godt læringsmiljø, gjort målretta innsats mot studentanes læring gjennom faglag, pedagogisk og sosial innsats eller gjennom god tilrettelegging av læringsmiljøet. Tiltaka vil dreie seg om det fysiske, det psykososiale, det pedagogiske, det organisatoriske og det digitale læringsmiljøet, i tillegg til universell utforming. Prisen vert delt ut annakvart år, og alternerer med pris for utdanningskvalitet.

8 Samfunns- og arbeidsliv

Å vere tett på samfunnet rundt er sentralt i HVL sin strategi, og samarbeidet med arbeidslivet er særleg viktig for å utvikle nye og vidareutvikle dei eksisterande studieprogramma våre. HVL har formalisert samarbeid med ei rekke eksterne aktørar, verksemder, nettverk og klynger, og arbeider systematisk for å vidareutvikla det eksterne samarbeidet.

8.1 Relevante kandidatar og livslang læring

Kandidatane som får vitnemål frå HVL skal vere attraktive for arbeidslivet, og samtidig vere i stand til å tileigne seg ny kunnskap både gjennom arbeidsgjevar og ny formell utdanning hjå oss eller andre utdanningstilbydarar.

8.2 Kontakt med praksisfeltet

Godt samarbeid, erfaringsdeling og informasjonsutveksling mellom studentane, praksisfeltet og høgskulen er sentralt for å sikre god kvalitet i praksis. Dette vert mellom anna sikra gjennom samarbeidsavtalar og eigne praksisavtalar mellom HVL og aktørane som tar i mot studentane våre. I tillegg er det jamlege møte i ulike samarbeidsorgan mellom representantar på ulike nivå i høgskulen, kommunesektoren, helseføretak og andre aktørar.

8.3 Kompetanseforum

Kompetanseforum Vestland og Kompetanseforum Rogaland er samarbeidsorgan for kompetansearbeid i regionane, koordinert av den aktuelle fylkeskommunen.

Kompetanseforum er HVL sine råd for samarbeid med arbeidslivet, og rektor representerer HVL begge stader.

Kompetanseforum Vestland har som mål å leggje til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kva kompetansegap som finns i arbeidslivet, og finne løysingar på korleis desse skal fyllast. Forumet vert leia av ein fylkesdirektør. I Vestland er det òg regionale kompetanseforum, og HVL er medlem i fleire av dei.

Kompetanseforum Rogaland er eit partnerskapssamarbeid som skal forme og iverksette regional kompetansepolitikk. Forumet har ansvar for å følgje opp den regionale kompetanseplanen og tilhøyrande handlingsprogram. Hovudmålet er å sikre at kompetansebehova i fylket vert forstått og formidla på ein effektiv måte. Forumet vert leia av fylkesordførar.

For HVL skal arbeidet i kompetanseforuma bidra til å vidareutvikle utdanning, forskning og utviklingsarbeid tett på arbeidslivet.

9 Studieprogram med særskilte krav

9.1 Ph.d.-program

HVL har eit eige system for kvalitet i ph.d. -utdanningar for å møte dei særskilte krava til oppfølging av ph.d.-program og den einskilde kandidat.

9.2 Etter- og vidareutdanningar

Alle studiepoenggivande vidareutdanningar ved HVL skal oppfylle krava knytt til kvalitet i emne og studieprogram. Fordi ein i samband med oppretting av etter- og vidareutdanningar må kunne svare raskt på samfunnet sitt behov og desse utdanningane ofte er av kortare lengd, inneheld kvalitetshandboka prosess-skildringar, malar og verktøy tilpassa desse utdanningane.

9.3 Bachelor i nautikk

Bachelor i nautikk skal oppfylle krava gitt i kvalitetssystemet knytt til kvalitet i emne og studieprogram. Kvart år vert det gjennomført ein eigen ledelsesgjennomgang og internrevisjon av studieprogrammet. Dokumentasjonen frå ledelsesgjennomgangen skal sendast til Sjøfartsdirektoratet, dokumentasjon frå internrevisjon skal sendast til Stabseining for styresekretariat og verksemdstyring I tillegg har HVL ei eiga godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet, som blir fornya kvart 5. år. Denne godkjenninga inneber at utdanninga er forplikta til å følgje *STCW 78 med tillegg* og *FOR 2011-12-22 nr. 1523 Forskrift om kvalifikasjoner og sertifikater for sjøfolk* i gjennomføring av utdanning og godkjenning av personell. I tillegg har enkelte emne eiga godkjenning. Kvalitetshandsboka inneheld difor prosess-skildringar og malar som sikrar at bachelor i nautikk oppfyller krava.

9.4 Fagskuleutdanning for yrkesdykkarar

Fagskuleutdanninga for yrkesdykkarar er på fagskulenivå, men skal likevel oppfylle HVL sine krav til emne og studieprogram. Fordi kandidatane mottek dykkebevis og – sertifikat, inneheldt kvalitetshandboka prosess-skildringar og malar som sikrar at fagskuleutdanninga for yrkesdykkarar oppfyller krava.

10 Referansar og relevante nettsider

[Lov om universitet og høgskoler](#)

[Universitets- og høgskoleforskrifta](#)

[Forskrift om studium og eksamen ved HVL](#)

[Forskrift om opptak til HVL](#)

[Forskrift om graden ph.d. ved HVL](#)

[NOKUT – kvalitetsområde](#)

[HVL strategi 2023-2030](#)

[Studenttinget på Vestlandet sine nettsider](#)

[Kvalitetssystem for utdanning på intranett](#)

[Kvalitetssystem for utdanning på eksterne sider](#)

[Sharepointside med prosess-skildringar, rettleiarar og malar](#)

[Kompetanseutvikling og merittering i personalhandbøkene](#)